



Det var eit strålende ver under Skarverennet laurdag og dei 38 kilometrane var ei fantastisk oppleving også for dei rundt rekna 15 uskedelingane som var med.

Vi tok det tidlegaste toget til Finse og starta då klokka sju. Førret så tidleg på dagen var skarpt, men med sola framme frå morgonen av så tok det berre eit par timar før skaren var vekke.

Det starta vel 12.000 i rennet. Som i tidlegare år hadde vi ei samling på 'Jægertoppen' (biletet). Her sat vi og kosa oss i sola i tre timar før vi gjekk dei siste sju kilometrane ned til mål på Ustaoset.

På 'Jægertoppen' fekk vi og vera med på å heia fram proffane. Blant mange store langrennsnamn kan vi nemna Dario Cologna, Petter Northug junior, Frode Andresen, Axel Teichmann, Therese Johaug, Marthe Kristoffersen og vår eigen helt (og min svoger) Johannes Hjeltnes frå Omvikedalen. Dette var den tredje turen vår og det er absolutt ein tur å anbefala!

På biletet er nokre av dei uskedelingane som gjekk rennet med, i tillegg til eitpar kameratar og familiemedlemmer frå Omvikedalen.

Desse var i alle fall med i rennet: Klara Bakke, Jan Berntsen, Line Soltveit Taranger, Kjell Erik Taranger, Anette Sund, Oddmund Soldal, Michael Røssland, Valborg Sjøwall, Endre Eidsvik, Vigdis Haugland, Bjørn Egil Haugland, Nils Haugland, Ivar B. Arnesen junior, Sara Hjeltnes Arnesen og Odd Steinar Arnesen.

Av Odd Steinar Arnesen